

ÅRSMELDING – REKNESKAP

2016



**SYKKYLVEN
ENERGI AS**

www.sykkylven-energi.no

Innhold

Introduksjon av selskapet	3
Organisasjon	3
Administrerende direktør har ordet	4
Presentasjon av forretningsområda	
Produksjon av straum.....	5
Distribusjon av straum	6
Fibernet	8
Vassforsyning, avløp og renovasjon	9
Økonomi-/administrasjons-/kundeavdelinga	10
Nøkkeltal	11
Styret si melding	12
Økonomi	12
Eldistribusjon og kraftsal	12
Vatn, avløp og renovasjon	12
Produksjon i egne kraftstasjonar	12
Fiber	13
Anna	13
Arbeidsmiljø og likestilling	13
Forskning og utvikling	13
Ytre miljø	13
Generelt	13
Disponering av årsresultat	13
Revisor si melding	14
Resultatrekneskap	17
Balanse	18
Notar til rekneskapen	20
Kontantstraumoppstilling	29
Samfunnsrekneskap	30
Oversikt styret og tilsette	31

Introduksjon av selskapet

Sykkylven Energi AS (SE) vart etablert i samband med bygginga av kraftstasjonen på Riksheim. Straumleveringa frå eige verk tok til den 22. januar 1918, og år 2016 var såleis selskapet sitt 99. år i drift. Hausten 1997 vedtok Sykkylven kommunestyre å omorganisere selskapet til eit aksjeselskap.

SE eig og driv tre kraftstasjonar, ein i Ramstaddal og to på Riksheim. Forsyninga av konsesjonsområdet er sikra gjennom tilknytning til samkøyringsnettet via den nye transformatorstasjonen på Heiane.

I 2002 overtok SE ansvaret for drift av vatn, avløp og renovasjon frå Sykkylven kommune.

I 2011 blei eit nytt forretningsområde grunnlagt ved at det blei starta utbygging av fiber i Sykkylven kommune.

Dei siste åra har det vore etablert og investert store beløp i samfunnskritisk og framtidssretta infrastruktur. Ny 22 kV forsyning frå Heiane Transformatorstasjon og ny kraftstasjon på Riksheim er dei 2 største enkeltprosjekta i selskapets historie.


Organisasjon

SE er 100% eigd av Sykkylven kommune og er registrert som eit aksjeselskap.


Styret har 7 medlemmar. Av desse er 5 oppnemnt av generalforsamlinga (kommunestyret) og 2 er arbeidstakarrepresentantar. Dagleg leiar møter på styremøta, men er utan stemmerett. Avdelingsleiar Distribusjon er "ansvarleg driftsleiar" godkjent av Direktoratet for samfunnssikkerheit og beredskap.

Elsikkerhet Møre AS koordinerer aktiviteten med tilsyn av dei elektriske anlegga. Selskapet blei stifta 1. oktober 2002, og har som hovudoppgåve å utføre dei lovpålagde tilsynsoppgåvene for eigarselskapa. Elsikkerhet Møre AS er eigd av Nordvest

Resultat for Sykkylven Energi AS frå 1998 – 2016:



ORGANISASJONSPLAN SYKKYLVEN ENERGI AS:



Nett AS, Sandøy Energi AS, Stranda Energiverk AS, Sykkylven Energi AS og Mørenett AS.

Eit viktig arbeidsmål for SE er utvikling av samarbeidet med andre aktørar i nærrom-

rådet, og korleis ein gjennom samarbeid og spesialisering kan hente ut stordriftsfordelar. Det er etablert samarbeid på ei rekke område, og på andre område er det planar om samarbeid.

Administrerende direktør har ordet

2016 har vore eit hektisk, spanande og krevjande år og kjem til å bli hugsa av fleire grunnar.

Etter eit vått og magert 2015 med låge kraftprisar løfta marknaden seg i 2016. Verdien av kvar eigenprodusert kilowatt-time steig med 9 øre, og utgjorde ei samla inntektsauke på om lag 4 mill. Kraftprisen, kombinert med ei effektiv drift, er dei sterkeste bidragsytarane til det gode resultatet i 2016.

Vi kan i dag sjå tilbake på ein 5-års periode der vi har bygd samfunnskritisk og framtidsretta infrastruktur for nær 175 millionar kroner. I tillegg kjem investeringa i Riksheim Kraftverk på om lag 55 millionar kroner. I 2016 vart siste del av 22 kV-høgspennetnettet som knyt oss til sentralnettet på Heiane satt i drift. Dette var ein viktig milepæl og markerer såleis avslutninga på det største prosjektet innan EL-forsyning i selskapet si historie. Den nye 420 kV linja og det nye 22 kV-nettet gjer at Sykkylven no har ei svært sikker og robust straumforsyning.

Samstundes med etablering av ca 15 km høgspennet kabelgrøfter har vi og bygd mykje nytt fiber- samt vass- og avlaupsnett. Den tverrfaglege og den samfunnsmessige vinsten av heile prosjektet har vore stor. Flyttinga av straumnettet til Heiane og kravet om bruk av jordkabel, påførte prosjektet betydeleg auka kostnader. Delar av desse ekstrakostnadene dekkast av Statnett som ein direkte konsekvens av at nettløysinga vart bestemt av OED i konsesjonsvedtaket til Statnett. I ettertid har NVE kravd at kostnadsdekninga frå Statnett skal handsamast på same måte som om dei fordyrande løysingane var eigevalte. Konsekvensen av NVE sitt krav er svært negativ for selskapet sin effektivitet og lønsemd og oppfattast som urimeleg. Vi har difor klagar saka inn for avgjersle i OED. I klagar ber vi om at tilskotet frå Statnett blir handsama på ein måte som ikkje påfører selskapet eit økonomisk tap.

Styret vedtok i haust ein ny overordna strategi for perioden 2016-2020. Strategien har høge mål innan alle områda og

det er venta høge investeringar, på nivå med 2016, i tida som kjem. Innan avlaup intensiverast arbeidet med å rydde opp i ureinsa utslepp og innan vassforsyning er hovudfokus lekkasjereduksjon, jfr nyleg vedtatt hovudplan. Innan EI-forsyning skal nye straummålarar installast og straumnettet skal digitaliserast. Innan fiber opplever vi stor pågang og høg etterspurnad, og vi har eit mål om at dei aller fleste hushaldarar skal ha tilgang til fiber innan 2020. Fellesnemnaren for anlegga våre er «samfunnskritisk infrastruktur», med ei levetid på 50-100 år. God dokumentasjon er ein viktig føresetnad for effektiv drift og sikker levering. Vi har difor styrka staben innan feltet og har tilsett Arve Opsahl i stillinga som planleggar og NIS-ingeniør.

Våren 2016 vedtok styret at bedriftsfiber-nettet skulle opnast for andre innhalds- og tenesteleverandørar, og at Sykkylven Energi skulle etablere ein ny og konkurransedyktig marknadsmodell. Modellen skulle legge til rette for konkurranse mellom ulike tilbydarar av tenester i marknaden, til næringslivets beste. Samarbeidsavtalen frå 2011, som i praksis ga PC Support einrett på levering av breibandstenester og IKT-tenester til næringsliv og kommunale lokasjonar i bygda, vart avslutta.

PC Support motsette seg endringa, noko som medførte ein ressurskrevjande prosess for styret og administrasjonen i Sykkylven Energi. I den følgjande domstolshandsaminga fekk Sykkylven Energi fullt medhald. I dag er vårt bedriftsfibernet ope for andre leverandørar, og næringslivet kan sjølv velje kva samarbeidspartnar for breiband og IKT dei vil ha. Erfaringane so langt viser at næringslivet er vinnaren, prisen på tenestene er kraftig redusert samstundes som kvaliteten har auka.

Etter ein anbudsprosess med fleire nasjonale aktørar involvert, valde Sykkylven Energi i 2016 å inngå ein 5 års avtale med NextGenTel for levering av «Fiber til Heimen»-tenester i Sykkylven. NextGenTel hadde samla sett det beste tilbodet.

Forslaget frå regjeringa om å endre energilova, og innføre eit krav om «selskaps-



messig og funksjonelt skilje», uavhengig av storleik, vart vedtatt i februar. Sykkylven Energi engasjerte seg aktivt i debatten mot det funksjonelle skiljet og gjennomførte fleire møter med sentrale politikarar på Mørebenken. Bodskapen var at det funksjonelle skiljet var nødvendig! Dermed at det måtte giast romslege tidsfristar dersom kravet likevel skulle innførast. Det funksjonelle skiljet vart vedteke, med ein romsleg overgangsperiode på 4 ½ år. Arbeidet med å utarbeide forskrift for lova har nettopp starta, og vi er av NVE invitert med i ei arbeidsgruppe som skal jobbe med å klargjere fleire viktige spørsmål.

Trond T. Lauritsen
Adm. direktør

Produksjon av straum

Sykkylven Energi har følgjande tre produksjonsanlegg:

Riksheim Kraftstasjon	2013
Riksheimdal Kraftstasjon	2003
Ramstaddal Kraftstasjon	1983

Alle våre tre kraftstasjonar er magasinverk. Det betyr at produksjonen er basert på eit vassmagasin og har ein produksjon som kan regulerast uavhengig av nedbør og tilsig av vatn. I Riksheimdalen er det Storevatnet som er magasin for Riksheim Kraftstasjon og Riksheimdal Kraftstasjon, medan Årsetvatnet er magasin for Ramstaddal Kraftstasjon.



Jens Kåre Blakstad,
avdelingsingeniør

Mange småkraftverk som vert bygde i dag er elvekraftverk, med inntak rett frå elveløpet. Desse produksjonsanlegga er avhengige av vassføringa i elva og kan ikkje produsere fritt i forhold til årstid, kraftpris eller problem i linjenettet (beredskapssituasjon).

Aktivitet

Samla produksjon ved våre eigne kraftstasjonar var i 2016 på 51,8 GWh, mot eit snitt på 46,1 GWh dei siste ti åra. Det har vore god tilførsel på vatn i løpet av året fram til november då det etter årstida var svært lavt nivå i Storevatnet. Etter ein varm og nedbørsrik periode med snøsmelting i høgda fekk ein brått ein situasjonen med fare for overløp i Storevatnet. Nedbørsbildet på landsplan har ført til at den gjennomsnittlige prisen i 2016 var 26,90 øre/KWh. Dette er ein vesentlig og til dels noko uventa stigning frå 2015. Ved årets utgang var magasinutfyllinga svært god i begge vassdraga.

Nye Riksheim Kraftstasjon har i 2016 produsert 26,8 GWh. Kraftverket fekk i 2013 tildelt grøne sertifikat for 22,1 % av årsproduksjonen som følgje av modernisering og renovering.

Vanleg vedlikehald har vorte utført i tillegg til jamleg tilsyn. Ein augstid kom det store nedbørsmengder i Riksheimdalen noko som førte til vesentlege skader på vegen. Vegen opp til Gamlestølsdammen vart utbedra veka etterpå mens utbetring av skadane på vegen til Storevatnet vart utsett til 2017.

Det er tidlegare inngått avtale med ekstern vassdragsteknisk ansvarlig (VTA) som skal føre overordna tilsyn med dammar og installasjonar i vassdraga. Dette er ein funksjon som er lovpålagd og som kjem i tillegg til vår eigen damvaktar.

Det vart ikkje avdekket manglar eller framlagt merknader frå VTA i samband med haustinspeksjon av vassvegane med tilhøyrande

utstyr. Inntaket til kraftstasjon ved Årsetvatnet har og vore innsisert av dykkar. Det vart ikkje registrert avvik under kontrollen.


Driftsavvik

For produksjonsåret 2016 har maskinparken på kraftstasjonane gått for det meste utan tekniske problem. Unntaket var ein driftstans i veke 52 ved kraftstasjonen i Ramstaddalen og nokre få dagar etter nyttår. Avsluttande garantiutberingar på nye Riksheim kraftstasjon var utført i august. Stasjonen vart teken ut av produksjon ei veke for sandblåsing og lakking av inntaksrør i stasjonen. Som ein konsekvens av arbeidet vart også Riksheimdalen kraftstasjon stoppa i perioden. Arbeidet førte ikkje til overløp i magasin.

Produksjon ved Sykkylven Energi sine anlegg:

	Riksheim Kr.St. [GWh]	Riksheimdal Kr.St. [GWh]	Ramstaddal Kr.St. [GWh]	SUM [GWh]
2007	25,6	27,2	4,6	57,3
2008	21,7	20,4	3,6	45,7
2009	20,9	20,9	3,8	45,7
2010	16,3	15,5	2,7	34,5
2011	23,1	21,5	3,8	48,5
2012	21,2	22,2	1,4	44,8
2013	17,4	15,4	2,9	35,7
2014	21,5	17,7	2,4	41,5
2015	31,0	21,5	3,4	55,9
2016	26,8	21,4	3,6	51,8
Snitt	22,6	20,4	3,2	46,1

Sum produksjon 2006–2016:



Private kraftverk

Dei tre private kraftprodusentane som leverer kraft til vårt nett, Brunstad Kraft, Drivdal Kraft og Hatlemark Kraft, har i 2016 hatt ein samla produksjon / innmating på 13,2 GWh.

Distribusjon av straum

Forbruket i 2016 viser ei auke i forhold til 2015 på 3,07 %. Auka svarar til om lag 3 600 MWh som igjen svarar til normalforbruket til om lag 180 husstandar.

I 2016 var det i hovudsak 6 større avbrot som utgjorde omlag 79 % av total KILE kostnad. KILE er omlag 11 % lågare i 2016 sett imot snitt 2008- 2015. Dette er variasjonar ein må forvente, fordi mykje er avhengig av ver, vind og planlagd vedlikehald.

Måten tilstandskontrollen vert utført på gjer at vi berre har høgst nødvendige utkoplingar i nettet. Dette bidreg positivt i KILE rekneskapet.

Leveringsgrad utrekna som ein prosentsats basert på forholdet mellom faktisk levert energi og "manglande levering" grunna avbrot er 99,985 % i 2016.



Halvard Hjorthol, avd.leiar EL

KILE-STATISTIKK I KRONER

KPI-justert KILE- KOSTNADER	IKKJE VARSLA AVBROT		VARSLA AVBROT		SUM AVBROTSKOSTNADAR		
	Andre kr	Eige nett kr	Andre kr	Eige nett kr	Andre kr	Eige nett kr	Sum kr
2016	0	1 080	0	93	0	1 172	1 172
2015	0	1 054	0	144	0	1 199	1 199
2014	1 277	517	0	293	1 277	809	2 087

Statistikk i heile tusen kr.

KILE-STATISTIKK I ANTAL KUNDEAVBROT

	IKKJE VARSLA AVBROT		VARSLA AVBROT		SUM KUNDEAVBROT		
	Andre antal	Eige nett antal	Andre antal	Eige nett antal	Andre antal	Eige nett antal	Sum alle antal
2016	0	6 783	0	665	0	7 448	7 448
2015	0	7 676	0	745	0	8 421	8 421
2014	9 250	4 128	0	1 610	9 250	5 738	14 988

Snitt pr. kunde var i 2016 1,6 avbrot. (Vi har korrigert tala frå 2015 pga feil i årsmeldinga for 2015).

Av større feil og avbrot kan nemnast (KILE-kostnad i kr):

Isolator Nordvik og kabelfeil Hundeidvik	463 791	Innmontering av 22kV BL i 104 Blindheimsbakkane	33 308
Feilsøking Grebstadlinja Ingen feil identifisert.	219 976	Trefall Drabløsstranda	19 994
Isolatorfeil i mast 064 Tynes Indre	87 456	Trefall på HSlinje Fjellsæter	15 148
Feilbetjening skillebryter. ikkje lagt inn under omkopling	83 319	Tor utkopling Hundeidvik	14 519
Jordfeil i avgang VIK frå Heiane	34 308	Tor utfall Grebstadlinja kabelfeil	10 095

STATISTIKK

Som tabellen under viser aukar lengd kabel medan lengd på høgspenst luftlinjenettet minkar. Dette er positivt både med omsyn til drift og miljø.

STATISTIKK ELEKTRISKE ANLEGG	HØGSPENTNETT		LAVSPENTNETT		FORDELINGSTRAFOAR	
	Luftlinje [km]	Kabel [km]	Luftlinje [km]	Kabel [km]	Antal [stk]	Inst.yting [kVA]
2016	68,4	122,06	174,05	236,41	232	78539
2015	70,78	116,14	171,14	224,56	232	76135
2014	78,11	111,07	176,28	218,94	229	75035
2013	77,03	88,12	176,28	223,72	226	73005
2012	77,03	84,22	173,00	217,11	227	73190
2011	77,48	83,71	175,18	216,31	224	71675
2010	77,49	83,51	178,27	213,47	226	72420
2009	77,49	82,71	176,75	211,05	224	70985
2008	77,7	81,3	176,7	208,4	221	69550

INVESTERING / DRIFT


Arbeidet med tilstandskontroll har fortsett i 2016. Arbeidet er for å sikre at våre anlegg tilfredsstiller krav i lov og regelverk for å gi ein sikker og god straumtilførsel. Kontrollen vert utført for alle anlegg med årlege, 5 årlege og 10 årlege intervall.

Etter mange år med høge investeringar vil arbeidet komande åra dreie i større grad over på vedlikehald av straumnettet. I 2016 har det administrativt vore stor aktivitet på å forberede innføringa av AMS, ELHUB og NBS. Operative arbeid med 420kV prosjektet er slutført. Det er totalt sanert ca. 9 km med 22kV høgspenst luftlinje. Siste rest av innmatingskablane i distribusjonsnettet er slutført med ny 22kV forsyning til Ikomnes. Ei ny norm NEK 399 som definerer nytt grenseskilje mellom bustadeigar og nettselskap er innført frå 2015. Den største endringa er at målarer no vert plassert utomhus i eige tilknytningsskap som skal vere felles for Ei, Tele og Fiber.

Det har vorte utført arbeid på følgjande større anlegg:

- Riving av 22 kV luftlinje i samband med miljøalternativet i 420kV utbygginga i Sykkylven
- 22kV kabelforsyning til Ikomnes
- Ny 22kV kabel mellom Haugset og Eidem etter kabelhavari.
- Ny 22kV kabelforsyning til nettstasjon 006 Grebstaddalen
- Ombygging av lågspennetnettet på Blindheimsbakkane.
- Sætrelia Drotninghaugstølen
- 20 nye anlegg er spenningssatt.

Forbruk fordelt mellom hushaldning/ fritidsbustad og næring



NYE ANLEGG I 2016 PLASSERING



FORKLARING AV:

AMS: AMS står for avanserte måle- og styringssystem. Dette er ein ny teknologi som inneberer digitalisering av straummålinga hjå alle kundar. Innan utgangen av 2018 skal alle landets straumkundar ha nye "smarte" målarar. Målarer sender målarstand og informasjon om forbruk automatisk til nettselskapet.

ELHUB: Bakgrunnen for Elhub er blant anna at sluttbrukar skal kunne motta ein faktura, som inneheld kraft og nettleie. All innsamling av målerdata og kundedata for heile Noreg skal handterast gjennom denne sentrale datahuben. Elhuben vil nytte data som kjem frå AMS målarer.

NBS: Nordic Balance Settlement» (NBS) inneber etablering av ein felles regulerkraftavrekning for Finland, Norge og Sverige. Formålet er blant anna å redusere etableringsbarrierar for kraftleverandørar som ønsker å tilby tenester i desse landa, og legge til rette for ein felles nordisk sluttbrukarmarknad for kraft.

VEGLYS 2016

Det har i hovudsak kun vore utført ordinært vedlikehald i 2016.

FORBRUK FORDELT PÅ KUNDEGRUPPER OG ÅRSFORBRUK

2016	Antal abonnentar	% fordeling	Årsforbruk MWh	% fordeling
Bergverksdrift og utvinning	2	0 %	23	0 %
Bygg og anleggsværksemnd	47	1 %	953	1 %
Div. forsynings- og renovasjonsværksemnd	47	1 %	1 177	1 %
Diverse tenesteyting	264	6 %	15 431	13 %
Hushaldning og fritidsbustadar	3 983	87 %	59 000	49 %
Industri	65	1 %	36 190	30 %
Jordbruk, skogbruk og fiske	81	2 %	895	1 %
Transport og lagring	13	0 %	549	0 %
Varehandel m.m	69	2 %	6 537	5 %
Sum	4 571	100,00 %	120 755	100 %

Fibernet

Sykkylven Energi AS har gjennom fleire år førebudd ei utbygging av fiberbasert infrastruktur gjennom å legge trekkerøyr i opne grøfter. I tillegg har det til private bustadhus i stor grad vorte nytta inntakskablar med røyr for fiberkabel integrert i kabelkonstruksjonen. Vi har no kome så langt i stamnettutbygginga at vi reint teknisk kan ha eit tilbod om fiber til alle heimane i Sykkylven med unntak av Velledalen og Ramstaddalen, avgrensa mot aust ved Andestadvatnet.

Forsyningskabel til node i Straumgjerde og FTH i Riksheimgjerde

Arbeidet med forsyningskabelen mellom lkomnes og Straumgjerde vart avslutta etter sommaren og kabelen er dermed framført til nodedtomta ved Tandstad Skule. Fiberkabelen vart lagt i røyr i felles grøft frå Straume bru til nodehytte i samarbeid med VA. Opparbeiding av tomt til nodehytte og murer for nodehytte er utført og nodehytta er levert.

Fiber til heimane på Aursneset og i Straumgjerde

I mars vart det invitert til felles informasjonsmøte for Aursneset og Straumgjerde og deretter starta dørsal av fiber til heimane i desse to krinsane. Aursneset vart utbygd i løpet av sommaren mens Straumgjerde vart flyttet til våren 2017 mellom anna grunna manglande kapasitet med underleverandør. Relacom vart mellom fleire tilbydarar, vald som entreprenør og utbygger for begge områda.

Fiber til heimane på Sørestranda, frå og med Jarnes og til Straume bru

Grunna ferdigstilling av fellesgrøft med VA i Straumgjerde vart tilkopling av kundane



Node i Straumgjerde under etablering.

Foto: Jan Otto Fausa

i Riksheimgjerde utsett til våren 2016. Prosjektet FTH Jarnes til Straume bru vart ferdig i august.

Sentrum, fiber til heimen og næringskundar

I løpet av hausten har ein forsyningskabel til sentrumsområdet i Sykkylven vorte framført. Ein kan no levere fiber til heimen og næringslivet i området Auremarka og hele sentrumsområdet.

Våre samarbeidspartar på fiber i perioden

Samarbeidet med NextGenTel om levering av tenester til heimane fortsetter basert på ein ny avtale om levering av FTH tenester i Sykkylven.

Samarbeidsavtalen med PC Support vart etter forhandlingar ikkje forlenga men oppsagt frå 14.04.2016. Oppseiinga førte også til at SE opna marknaden for andre tilbydarar for næringsfiber.

PC Support var ueinig i oppseiinga og forsøkte først med stemning og mellombels råderett i Tingretten for å stanse prosessen med å opne fibernet for fri konkurranse i Sykkylven. Dei forsøkte også å få Tingrettens kjenning for å hindre at vi etablerte elektronikk i eige fibernet fram til endeleg dom frå Tingretten kom.

Tingretten konkluderte med at avtalen var rettmessig oppsagt noko som førte til at fibernet til næringskundar vart opna for fri konkurranse mellom tenesteleverandører om levering av tenester til næringslivet i Sykkylven.

SE valte vidare med bakgrunn i oppseiing av avtalen samtidig å gå inn i rolla som nettoperør med mål om å framleige fibernet til tenesteleverandører basert på ein kapasitetsmodell frå og med 01.06.2016. For å drifte SE sin nettelektronikk vart det inngått ein 24/7 driftsavtale med NC-Spektrum frå Kvitseid i Telemark. Prosjektet med innkjøp og å sette i drift eigen fiberelektronikk vart avslutta med å flytte aktuelle næringskundar over på eigen elektronikk i slutten av november 2016.



Jens Kåre Blakstad,
avdelingsingenør og ansvarleg fiber

Utanom eigne resursar så har Relacom vore vår leverandøren som utførande entreprenør i prosjektet Riksheimgjerde og Aursnes, i tillegg til å levere tilknytning av enkeltkundar frå tidlegare utbygde områder.

Fiberaktivitetar, generelt

I 2016 har det vore jamt etablering av nye FTH kundar frå områda som tidlegare har vore utbygd. I løpet av året har 45 nye kundar frå desse områda vorte tilknytt. Ved årsskiftet er det i alt 1010 aktive FTH kundar og 26 aktive næringskundar i fibernet. Reduksjon på 24 næringskundar skuldast at tenesteleverandøren har flyttet 24 næringskundar over på konkurrerende radio/fiber løysing. Ein opplever no pågåande konkurranse på både sambandstenester, fiber til heimen og for levering av fiber til næringskundar.



Fiber og El-grøft under omarbeiding i Aurefjora.
Foto: Olav Martin Lid

Vassforsyning og avløp

INVESTERING


Gjennomførte investeringar i 2016:

- Utsifting av om lag 400 meter vassleidning langs Kyrkjevegen frå Styrkabakken mot Klokkehaug.
- Bygging av om lag 570 meter nye avløpsleidningar og 2 pumpestasjonar i Straumgjerde. Dette er for å føre avløpet til silanlegget på Tandstad.
- Utsifting av om lag 100 meter avløpsleidning langs Kyrkjevegen og Myrane i Straumgjerde.
- Starta opp bygging av avløpsanlegg frå Aureelva til Ullavika med 2 pumpestasjonar og om lag 200 meter avløpsleidningar. Vert vidareført i 2017.


Samla investering innan vassforsyning var på kr. 3 160 000 og avløp kr. 8 221 000. I tillegg har det m.a. vore arbeidd med ny beredskapsplan og hovudplan for vassforsyning.

Oversikta nedanfor viser investeringar innan VAR området 2002 – 2016:


Investeringar 2002 – 2016:



Driftsavvik VA 2002 – 2016:



Fondsutvikling VAR 2002 – 2016:



Ivar Selsbakk, avd.leiar VAR

DRIFT OG VEDLIKEHALD

Det har vore relativt få feil i vassleidningsnett i 2016. Vi har hatt 4 vasslekkasjar som er utbetra, der 2 av desse skuldast graveskader. Ved avløpsnettet har vi hatt 2 hendingar med tilstopping og problema er i hovudsak knytt til eldre betongleidningar.

Grunna arbeid med leidningsutsifting så har det blitt utført mindre drift og vedlikehald enn tidlegare år.

Høgdebassenga på Lyshol, i Vikedalen og vassbehandlingsanlegget på Årset har vore kontrollert. Periodisk reingjering av avløpspumpestasjonar har gitt meir stabil drift.

Det er fokus på at vass- og avløpsgebyra skal harmonisere mest muleg med faktisk forbruk og at flest muleg skal betale etter målt forbruk. Ved årsskiftet 2016/2017 så hadde vi 1085 vassmålarar og auken i 2016 var på 87 stk.

FONDS

Oversikta nedanfor viser fondsutvikling. Innan vassforsyning har fondet auka med om lag kr. 661 000 til kr. 4 922 000.

For avløp har fondet blitt redusert med ca. kr. 1 063 000 til kr. 2 901 000. For avfall så har fondet auka med ca. kr. 714 000 til om lag kr. 3 359 000.

Økonomi-/administrasjon-/kundeavdeling

Selskapet sine funksjonar knytt til informasjon, økonomi, administrasjon og kunde-handtering er samla i ei kundeavdeling.

Kundehandtering

Kundeavdelinga har ansvar for kundesenter, avrekning, fakturering og innkrevjing. Innanfor innkrevjing har vi eit samarbeid med Kreditor.

Kundesenteret vårt er delt i to einingar, ei som svarer på spørsmål om nettleige og EL, og ei som svarer på spørsmål om vatn og avløp. Innanfor slam- og renovasjons-tjenester har vi eit samarbeid med Årim, der dei har ansvar for kundehandteringa, medan vi har ansvar for å krevje inn gebyra.

Målet vårt er at kundane skal bli godt ivaretekne enten dei kontaktar oss via heimesida vår, på e-post eller på telefon.

Informasjon

Avdelinga har også ansvar for mykje av informasjonsarbeidet som skjer i Sykkylven Energi. Informasjonsarbeid er viktig for å gjere folk kjend med dei tenestene vi leverer, og for eit positivt og truverdig omdøme i lokalsamfunnet.

Internett og sosiale media er viktige kanalar for å nå ut til kundane med informasjon. I 2016 lanserte vi nye moderne nettsider, og selskapet tok også i bruk sosiale mediar som Facebook og Twitter.

Facebook vil nyttast aktivt til driftsmeldingar og anna informasjon. Twitter nyttas berre i beredskapssituasjonar.



*Trude Breivik,
Økonomi og administrasjonssjef*



Foto: Tommy Rasmussen

Nøkkeltal for 2016

Omsetninga var	kr	82 523 691
Dette gav eit resultat på - driftsresultat	kr	14 267 729
- før skatt	kr	11 804 581
- etter skatt	kr	8 489 452

Brutto investeringar gjennom året:	kr	30 647 795
Anleggsbidrag og tilskot frå kundar	kr	2 345 770
Netto investeringar gjennom året	kr	28 302 025

Eigenproduksjonen var:	51,8	GWh
Aktive abonnement/kontraktar	4 578	

Sum levert til sluttbrukarar i Sykkylven	120,8	GWh
Tap i nettet:	7,4	GWh
Totalt transportert i nettet:	130,2	GWh

Tekniske tal:

• Høgspenning linjenett	68,4	km
• Høgspenning jordkabel	122,06	km
• Lavspenning linjenett	174,05	km
• Lavspenning jordkabel	236,41	km
• Tal på fordelingstransformatorar	232	stk
• Samla yting på transformatorar	78 539	kVA

Økonomiske nøkkeltal	2012	2013	2014	2015	2016
Eigenkapitalandel (EK i % av totalkapital)	42,1 %	34,0%	43,2 %	37,6%	36,1%
Totalkapitalrentabilitet (res. før eop. + finansinnt. i % av gj.sn tot. kap.)	4,1 %	5,8 %	4,7 %	4,1%	4,7%
Eigenkapitalrentabilitet (resultat i % av gjennomsnittleg eigenkapital)	4,4 %	8,7 %	6,0 %	5,0%	7,5%
Likviditetsgrad 1 (Omløpsmidlar dividert med kortsiktig gjeld eksklusiv fond for meir/mindreinntekt og byggelån)	1,0	1,2	0,5	0,9	0,7

ORD OG UTTRYKK

V	=	volt		
kV	=	kilovolt	= 1000 V	= måleining for spenning
A	=	ampere		= måleining for straum
W	=	Watt		
kW	=	kilowatt	= 1000 watt	= måleining for effekt
MW	=	megawatt	= 1000 kilowatt	
kWh	=	kilowatt-time		
MWh	=	megawatt-time	= 1000 kWh	
GWh	=	gigawatt-time	= 1 mill. kWh	= måleining for energi
TWh	=	terawatt-time	= 1 milliard kWh	

Styret si melding

Sykkylven Energi AS (SE) har ansvar for transport av energi samt ansvar for drift og utbygging av kommunen sine anlegg innan vatn, avløp og renovasjon. SE har 3 eigne kraftstasjonar med ein samla produksjon på ca. 51 GWh i eit normalår. Frå 2011 har SE også engasjert seg i fiberutbygging, og har bygd ut og leverer fiber i store delar av kommunen. Hovudkontoret er lokalisert i Sykkylven kommune. Selskapet har 26 tilsette og er eigd av Sykkylven kommune.

Styret har etter ordinær generalforsamling i 2016 hatt desse medlemmane:

Steinar J. Bakke (leiar), Kristin Grebstad (nest-leiar), Jarle Strømmegjerde, Odd Arne Krüger, Renate Karlsen, Halvard Hjorthol (frå dei tilsette) og Arvid Skinnes (frå dei tilsette).

I 2016 er 44 protokollerte saker handsama og styret har hatt 9 møter.

ØKONOMI:

Samla driftsinntekter for SE i 2016 var kr 82.523.691 medan samla driftskostnader var kr 68.255.962. Driftsresultatet vart kr 14.267.729.

Årsresultatet før skatt viser kr 11.804.581 og resultatet etter skatt kr 8.489.452. Styret har ambisjonar om å halde eit godt resultatnivå framover, men grunna låge kraftprisar samt store investeringar, må ein vente noko lågare avkastning i åra som kjem.

SE sin marknadsrisiko er avgrensa. Resultatet frå kraftproduksjonen blir påverka av tilsigssituasjonen og kraftpris. SE nyttar finansielle instrument for å prissikre delar av inntektene frå kraftproduksjonen. Dei finansielle kontraktane handlast på Nasdaq OMX-børsen. SE har i 2016 eit tap på finansielle sikringskontraktar på kr 426.790. SE er vidare eksponert for valutarisiko som følgje av at oppgjersvalutaen for kraftsalet og for dei finansielle kontraktane er Euro. SE har i 2016 gevinst frå valutakontraktar på kr 193.215. Selskapet har utarbeidd ein intern risikomanual som set rammer for den finansielle risikoeksponeringa.

SE sin likviditetsrisiko er pr 31.12.16 låg. Selskapets egenkapitalprosent er ved årsskiftet 36,1 %. (37,6% i 2015).

Selskapet har gjennomført og står framleis framføre store investeringar dei komande åra. Desse blir i hovudsak finansiert med låneopp- tak. Selskapet vil difor i større grad være eksponert for endringar i rentemarknaden.

SE har ei tilfredsstillande finansiering. Store

investeringar i vass- og avløpsanlegg, gjer at selskapet likevel ser behov for å søke kommunal garanti for låna som er knytt til kommunale anlegg. Kommunale anlegg har so langt blitt finansiert med pantesikkerheit i andre eigedelar. Med ein totalkapital på kr 310.549.830 og ein egenkapital (inkludert disponert overskott i 2016) på kr 111.993.911, vurderer styret SE si finansielle stilling etter utbytteutdeling som tilfredsstillande.

Brutto investeringar i 2016 utgjorde 30,6 mill. kr. Delar av finansieringa er dekt gjennom anleggsbidrag og tilskudd (2,3 mill. kr). Netto investeringar finansiert av SE var såleis på 28,3 mill. (fordelt med 11,5 mill. innan VAR-anlegg, 10,3 mill. til el.nettet og 5,7 mill til fiberprosjekt. Øvrige investeringar gjeld EDB-anlegg, bilpark og gatelys). Det høge aktivitets- og investeringsnivået, vil fortsette i åra som kjem .

Produksjon frå eigne kraftstasjonar er ein viktig bidragsytar til SE sitt resultat. Vi har gjennom året opplevd normale nedbørsmengder/tilsig og vi produserte til saman 51,8 GWh i våre 3 kraftstasjonar. Spotprisen på eigenprodusert kraft vart i 2016 på 26,91 øre KWh, noko som samsvarar med gjennomsnittsprisen for perioden 2012-2015. Prisen i Midt-Noreg har i 2016 følgd systemprisen.

EL-DISTRIBUSJON:

Totalt vart det i SE sitt linjenett transportert 130,2 GWh. Tap i nettet var på 7,4 GWh (5,7 % av totalt transportert i nettet). Energi levert til sluttbrukarar i bygda var 120,8 GWh.

Transportert energimengde og regionalnettleiga har dei siste åra vore nokså stabil.

I 2016 vart det henta inn kr. 2,5 mill. mindre enn SE si inntektsramme tillèt. Berekna meirinntekt inkl renter i balansen pr 31.12.16 er på kr 4,1 mill. Frå 1 januar 2016 sette selskapet opp nettleiga med 2 øre på energileddet i alle tariffane, med unnatak av tariffar for mindre næring. Sykkylven Energi AS har dei seinaste åra hatt ei av dei lågaste nettleigene for hushaldskundar og næringsliv i fylket.

Kostnader til transport av energi i overliggende nett (nettleige til Mørenett AS og til Statnett SF) var på kr 10,5 mill. Dette utgjør 34 % av nettleiga til SE sine kundar.

Utgiftene grunna avbrot i elforsyninga i eige nett i 2016 er kr 1.172. 000 (kr 1.080 000 på grunn av driftsforstyringar og kr 93 000 på grunn av varsla avbrot).

Sykkylven Energi AS har i perioden 2012-2016

hatt stor aktivitet knytta til omlegging/flytting av høgspentnettet som ein direkte følgje av at Statnett har etablert ny 420kV linje mellom Ørskog og Sogndal, samt ny transformatorstasjon på Heiane i Sykkylven.

I slutten av 2016 vart det praktiske arbeidet med flyttinga av nettet slutført.

Tiltaket har betra forsyningssikkerheita inn til Sykkylven og internt i kommunen, samstundes som nettet vert meir robust for ver og vind. Prosjektet har vært det største enkeltprosjektet innan distribusjon av straum i selskapet si historie. I 2017 og 2018 vil AMS-prosjektet få stor merksemd. Prosjektet inneber utskifting av alle straummålarane i Sykkylven Energi sitt konsjersonråde, eit arbeid som etter planen skal vere slutført i hausten 2018. Totale prosjektkostnader ventast å bli om lag 20 millionar kroner.

VATN, AVLØP OG RENOVASJON:

Samla inntekter frå gebyr for vatn, avløp og renovasjon var på kr 24.892.778, medan driftskostnadane var kr 23.708.665. Dei akkumulerte positive sjølvkostfonda var pr 31.12.2016 på kr 11.181.013. For vatn vart fondet auka med kr 660.880 til kr 4.921.748, for avløp vart fondet redusert med kr 1.062.604 til kr 2.900.723. For renovasjon vart fondet auka med kr 713.909 slik at samla positivt fond innan dette området pr 31.12.2016 er kr 3.358.541. Positivt bidrag til sjølvkostfonda for alle område vart dermed kr 312.185 i 2016.

ÅRIM (Ålesundsregionens Interkommunale Miljøsekskap IKS) har ansvaret for innsamlinga av hushaldsavfallet samt drifta av miljøstasjonane.

Standard- og kvalitetshevinga innan VAR-sektoren dei siste åra er eit resultat av oppfølginga av gjeldande hovudplanar. I 2012 vedtok Sykkylven kommune ny hovudplan for avløp for perioden 2012 – 2020. I 2017 vil ny hovudplan for vassforsyning bli formelt vedteke.

Produksjon i eigne kraftstasjonar:

Riksheim kraftstasjon	26,8 GWh
Riksheimdal kraftstasjon	21,4 GWh
Ramstaddal kraftstasjon	3,6 GWh
Sum eigenproduksjon	51,8 GWh

Spotinntekta frå 51,8 GWh var 13,9 mill kr, dette gir ein gjennomsnittleg pris på 26,91 øre/kWh eks mva. Utover dette var det ekstraintekter frå sal av opprinnelsesgarantiar og grøne sertifikat frå Riksheim kraftstasjon på 0,3 mill kr. Det har vore nytta finansielle sikringskontraktar i 2016, noko som ga eit tap på kr 233.576.

FIBER:

Utbygging av fiber har halde fram i 2016. Ved utgangen av året har dei aller fleste bedrifter og kommunale lokasjonar mellom Aursnes og Vikøyra samt mellom Ikornes og Straumgjerde tilbod om kommunikasjonsløyising på fiber. Om lag 70% av private husstandar har no same tilbod og nærare 2/3 av desse har tatt fiberen i bruk. SE har ein samarbeidsavtale med Next-GenTel for tenesteleveranse til hushaldskundar.

Avtalen som frå 2011 ga PC Support vesentlege fordeler i bedriftsmarknaden vart avslutta i 2016. PCS gikk deretter til søksmål mot SE med krav om at avtalen frå 2011 skulle forlengast. Dommen frå Sunnmøre Tingrett vart avsagt 22 februar 2017 og ga Sykkylven Energi AS fullt medhold.

Bedriftsnettet er no opna for andre leverandørar av breibands- og IKT-tenester, noko som er eit viktig tiltak for å sikre næringslivet konkurransekraftige vilkår.

ANNA:

SE krev på vegne av Enova SF inn ei avgift på 1,0 øre/kWh eks mva gjennom nettleiga. Desse midlane vert av Enova fordelt til ulike tiltak og prosjekt for å redusere energibruken i Noreg.

SE er tillagt ansvaret for tilsynet med dei elektriske anlegga i Sykkylven kommune. Dei seinare åra har arbeidet gradvis gått over til å sikre at anleggseigar gjennom eit fungerande internkontrollsystem sjølv har rutinar for å sikre ein trygg installasjon. SE kjøper tenester for sitt lokale el-tilsyn frå Elsikkerhet Møre AS.

ARBEIDSMILJØ OG LIKESTILLING:

Arbeidsstokken i selskapet er stabil og ved rekneskapsåret sin utgang var det i alt 26 tilsette (7 kvinner og 19 menn) som utførte 24,5 årsverk. SE har i tillegg hatt ein lærling i 2016. SE har ei målsetting om å ha ein lærling innan EL og ein innan VA til einkvar tid. Det er lagt til rette for at begge kjønn kan tilsettast i alle stillingar ved SE, og under elles like føresetnader vert kvin-

ner prioriterte ved tilsetting på driftsavdelinga. I styret er det 2 kvinner og 5 menn.

SE har to verneombod, den eine er valt til hovudverneombod. SE er medlem av Sykkylven Bedriftshelseteneste. Sjukefråveret var i 2016 på 3,3 %. Arbeidsmiljøet vert vurdert som tilfredsstillande.

Pensjonsansvaret er dekkja gjennom pensjonsordning i Kommunal Landspensjonskasse (KLP). SE sine pensjonsforpliktingar er aktu-
arberekna til kr 2.185.657. Beløpet er rekneskapsført. Endringar i parameter for berekning av framtidige pensjonsforpliktingar gjer at den ikkje rekneskapsførde delen av forpliktingane fortsatt er høg, sjølv om denne er redusert frå 2015. Dette vil kunne gi høgare årlege pensjonskostnader i åra som kjem.

SE er medlem i «KS Bedrift» - ein arbeidsgjevar- og næringspolitisk interesseorganisasjon for bedrifter eigd av kommunar og fylkeskommunar.

FORSKING OG UTVIKLING

Selskapet har for tida ingen større pågåande forskings- og utviklingsprosjekt i eigen regi.

SE har deltatt i eit bransjespesifikt FOU prosjekt i 2016 med kr 32 000.-.

YTRE MILJØ:

SE er underlagt ulike myndigheiter når det gjeld vern av det ytre miljø og selskapet arbeider kontinuerleg for å redusere utsleppa til det ytre miljøet.

Vasskraft er ei rein og vedvarande energikjelde som er svært miljøvennleg sett i forhold til dei fleste andre energikjelder. Likevel påverkar utbyggingar det ytre miljøet. Energiproduksjon og -distribusjon som skjer i regi av SE må ta omsyn til både forsyningstryggleik, lønsemd og miljø. Desse omsyna er ofte i strid med kvarandre, og må difor heile tida vegast opp mot kvarandre. I Sykkylven har vi i dag nær 70 % av straumnettet lagt som jord- og sjøkabel, noko som er

godt over landsgjennomsnittet og andre selskap omkring oss. Eit anna døme er prosjektet på Riksheim Kraftverk, der den nye rørgata ble sprengt ned i fjell.

SE drifrar dei offentlege avløpsanlegga i kommunen. I den nye hovudplanen for avløp er det ei overordna målsetting at tilknyttinga til hovudreinseanlegga skal aukast og alle ureinsa utslepp skal sanerast i perioden fram mot 2020. Reinsekrava i avløpsforskrifta skal oppfyllest og utsleppa skal ha akseptabel resipientpåverknad.

GENERELT:

Styret vurderer at vilkåra for framleis drift for selskapet er til stades, og årsrekneskapen for 2016 er sett opp under denne føresetnaden.

SE har arbeidd for å ha godt samarbeid med andre energiverk i området. Viktigaste samarbeidspartar er Nordvestnett, Mørenett og Stranda Energiverk. I 2012 vart det inngått avtale mellom 11 nettselskap i Møre og Romsdal, om å skipe selskapet Smart Straum Nordvest. Selskapet bistår eigarane med kompetanse og system for å sikre ei vellukka innføring av AMS. I Sykkylven skjer målarbytte for våre 4600 straumkundar i 2018.


Det er elles etablert samarbeid om innkjøp av materiell og varer. Dei fleste energiverk i fylket er med i innkjøpssamarbeidet, og det er gjennom stort volum oppnådd gode vilkår. SE vil arbeide for det vert etablert liknande innkjøpsordningar for forretningsområda vatn, avløp og renova-sjon.

DISPONERING AV ÅRSRESULTAT

Styret foreslår følgjande disponering av overskotet etter skatt på kr 8.489.452 for 2016:

- kr 11 000 000
vert utbetalt som utbytte til eigar.
- kr 2 510 548
vert ført frå annan eigenkapital.

Styret for Sykkylven Energi AS, 19.april 2017



Steinar Johan Bakke
Styreleiar


Kristin Grebstad
Nestleiar


Janne Strømme
Styremedlem


Odd Arne Krüger
Styremedlem


Renate Karlsen
Styremedlem


Halvard Hjorthol
Styremedlem


Arvid Skinnos
Styremedlem


Trond T. Lauritsen
Adm. dir.

Revisor si melding

Revisor Klokk AS
statsautoriserte revisorer

Revisor Klokk AS
Postboks 197
6239 Sykkylven
www.revisorklokk.no

Telefon: 70 25 48 10
Telefax: 70 25 48 11
E-post: tormod@revisorklokk.no

Til generalforsamlingen i

Sykkylven Energi AS
6230 Sykkylven

MELDING FRÅ UAVHENGIG REVISOR FOR 2016

Fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen

Konklusjon

Vi har revidert **Sykkylven Energi AS'** sin årsrekneskap som viser eit overskot på kr 8.489.452. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2016, resultatrekneskap og kontantstraumoppstilling for rekneskapsåret avslutta per denne datoen, og noter til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining er årsrekneskapen som følgjer med, gitt i samsvar med lov og forskrifter og gir eit rettvise bilete av selskapet si finansielle stilling per 31. desember 2016, og av resultata og kontantstraumane for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapsskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, medrekna dei internasjonale revisjonsstandardane International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta *Revisors oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av selskapet slik det er krav om i lov og forskrift, og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Ytterlegare informasjon

Leiinga er òg ansvarleg for ytterlegare informasjon. Ytterlegare informasjon består av introduksjon av selskapet, nøkkeltal, styrets årsmelding og samfunnsrekneskap, men inkluderer ikkje årsrekneskapen og revisjonsmeldinga.

Våre fråsegnar om revisjonen av årsrekneskapen og om andre lovmessige krav dekkjer ikkje slik ytterlegare informasjon, og vi attesterer ikkje denne informasjonen.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese den ytterlegare informasjonen for å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom han og rekneskapen eller kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen, eller om han tilsynelatande inneheld vesentleg feilinformasjon. Dersom vi hadde konkludert med at slik informasjon inneheld vesentleg feilinformasjon, ville vi rapportert om det. Vi har ikkje noko å rapportere i så måte.

Medlemmer av Den norske Revisorforening
Revisorregisteret/Foretaksregisteret NO 999 125 484 MVA
Autorisert regnskapsførerselskap

Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarlege for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, derunder for at han gir eit rettvisande bilede i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapsskikk i Noreg. Leiinga er også ansvarleg for slik intern kontroll som ho finn naudsynt for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Ved utarbeidinga av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til selskapet si evne til å halde fram med drifta og opplyse om tilhøve av betydning for dette. Føresetnaden om at drifta kan halde fram, skal leggjast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvikla.

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen

Vårt mål er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av feil eller misleg framferd, og å gi ei revisjonsmelding som gir uttrykk for meininga vår. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimeleg grenser kan forventast å påverke økonomiske avgjerder som brukarane tar basert på årsrekneskapen.

